



**Byggjeplassar kan vera så mangt med omsyn til ryddigheit, men Uskedalen har i alle fall ein slik som må kallast eksemplarisk.**

**Det seier fleire til uskedalen.no og den plassen dei siktar til er den der Hagetunet tek form (biletet).**

Ein av dei som ønskjer vi skal rosa Uskedalen Eigedom ved Johannes Hjørnevang uttrykkjer seg slik:

- Eg er veldig imponert over kor ryddig og fint dei held det på byggjeplassen i sentrum av Uskedalen - Hagetunet.

Er ikkje mykje som ber preg av at det er ein anleggsplass.

Dei ansvarlege har på mange måtar gjort ein framifrå jobb med dette prosjektet.

Her er det på sin plass med ein ros på nettsida.

(Foto: Ola Matti Mathisen)